



Tormod Myklebust er klar til å ta imot jubilantane


36 konfirmant-jubilantar frå heile Sør-Noreg har meldt seg på til jubileet som avviklast for 6 kull i Uskedalen denne helga. Tormod Myklebust i soknerådet er glad for oppslutnaden og håpar det blir to dagar fylt av minnar og ettertanke om hva dåp og konfirmasjon tyder. Dei kjem til dømes frå Tynset, Stavanger og Sunnmøre.

Dette er eit arrangement som går føre seg annakvart år og i år for tredje gongen her i bygda sidan denne fine tradisjonen vart teke opp att. Det har også ei viktig sosial side.



Dette er 1941-kullet. 3 av dei vil møte til jubileet.

Arrangementet følger det tradisjonelle opplegget, som blir innleia laurdag klokka 15 med gamaldags skuletime ved Kristian Bringedal i den gamle Haugland-skulen.



Dette er 1951-kullet. 5 av dei vil komma til markeringa

Så blir det ein rundtur i sentrum før treff i Gamleskulen med song og samtale om gamle dagar. Dette er eit uformelt opplegg utan avtaler på førehand, fortel Tormod.

Så er gudstenesta søndag føremiddag med sokneprest Kristian Due naturleg nok via konfirmantjubilantane i betydeleg grad. Like etterpå møtast dei til middag på Solheim slik tradisjonen også tilseier og her blir det tid til grundigare beretningar om det som skjedde då dei vart konfirmerte. Ikkje minst undrast Tormod på korleis det arta seg under dei spesielle tilhøva i 1940 og 1941. Det er dei første kulla som er inviterte medan dei 4 andre er 1950, 1951, 1960 og 1961. Det er med andre ord både 70 års, 60 års og 50 års konfirmantar.

Hovudtyngda av jubilarar kjem naturleg nok frå Kvinnherad. Eldst i flokken blir uskedelingen Johanna Yri, den einaste som møter av dei som vart konfirmerte i 1940. Av 1941-konfirmantane møter Borghild Nåsen, Gunvor Næs og Aud Moe.

Frå 1950-kullet kjem Inger Myklebust, Ruth Myklebust, Olga Myklebust, Åshild Sjøwall, Målfrid Johanne Tveito, Gunnvor Landa, og Aslaug Johanne Omvik.

Frå 1951-kullet kjem Olav Hauge, Gunnar Haugland, Leif Matre, Inger Bolette Haugland og Orlaug Mentzoni.

Frå 1960-kullet kjem Pål Haugland, Kåre Myklebust, Hans Gustav Musland, Torgr Feet, Berit Johanne Rongve og, Bjørg Ingrid Vollsund,

Frå 1961-kullet kjem Asbjørn Olsen, Arvid Døssland, Bjørg Møyfrid Freheim, Inga Feet, Gunvor Ljosnes, Astrid Halleland, Eldbjørn Sivertsvoll, Henny Helland, Målfrid Vågen, Brit Tove Musland og Solveig Wika.

Av Ola Matti Mathisen